



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Hedmark fylkeskommune
Fylkeshuset

2325 HAMAR

Dykkar ref

Vår ref
13/371-1

Dato
8 MAR 2013

Statsbudsjettet 2013 – Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar for regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift – Tilskotsbrev – Ramma til Hedmark fylkeskommune er fastsett til 16,12 mill. kroner.

Tilsegn nr.: 13 414001

1 Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet syner til Prop. 1 S (2012–2013) for departementet, Innst. 16 S (2012–2013) og orienteringsbrev av 8. oktober 2012. I dette tilskotsbrevet gjev departementet rammene til fylkeskommunane over kap. 551, post 61 for budsjettåret 2013. Departementet syner òg til brev av 22. januar 2013. Det nemnde brevet inneheld mellom anna presiseringar av innhaldet i dei dokumenta som er nemnde ovanfor, som òg gjeld for kap. 551, post 61 Næringsretta midlar for regional utvikling.

2 Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål og strategiar

Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa er nedfelte i St.meld. nr. 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru*. Departementet syner til tilskotsbrevet av 22. januar 2013 til fylkeskommunane, punkt 2. Der er det ei nærare omtale av dei overordna måla og strategiane og av prioriterte målgrupper.

3 Ramma for 2013

Den totale ramma på kap. 551, post 61 er for 2013 på 557,7 mill. kroner. Løyvinga omfattar mellom anna midlar til å dekkje tilsegnsfullmakta på 100 mill. kroner som alt er disponerte i 2012, men som blir utbetalte i 2013. I tillegg er det gjeve ei tilsegnsfullmakt på 100 mill. kroner som først kan utbetalast i 2014. Tilskotsbrevet

omfattar ei løyvingssamme for dei ordinære kompensasjonsmidlane og restmidlane for 2013. Kompensasjonsmidlane er utrekna til 460,86 mill. kroner, og restmidlane er utrekna til 96,84 mill. kroner.

Fylkesvis ramme

Ramma til **Hedmark fylkeskommune** er fastsett til **16,12 mill. kroner**. Eit vedlegg til dette brevet syner fordelinga av kompensasjonsmidlane og dei såkalla restmidlane som er merkte breiband og annan infrastruktur.

Av ramma på 16,12 mill. kroner kan 13,23 mill. kroner utbetalast i 2013. Resten, 2,89 mill. kroner, er ei tilsegnssfullmakt der midlane først kan utbetalast i 2014. Dette går òg fram av det nemnde vedlegget.

Løyvinga som er stilt til rådvelde, skal disponerast i samsvar med reglementet for økonomistyring i staten, Prop. 1 S (2012–2013), retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61, statsstøtteregulverket, brevet frå departementet av 22.januar 2013 og presiseringane i tilskotsbrevet her.

4 Nærare om bruken av ramma på kap. 551, post 61

4.1 Kompensasjonsmidlane

Fylkeskommunen prioriterer sjølv mellom ulike typar innsats i samråd med sine regionale partnarar innanfor måla, rammene og retningslinjene for posten. Målet er å få til ein brei næringsretta innsats, med særleg vekt på å utvikle næringsliv og arbeidsplassar i område som ikkje fekk innført differensiert arbeidsgjevaravgift på nytt, eller som fekk innført ordninga med høgare sats enn før 2004. Midlane skal, som hovudregel, nyttast i desse områda med mindre det er semje mellom partane om at midlane skal ha eit anna geografisk nedslagsområde. Det kan vere fornuftig med samarbeid på tvers av regionar og kommunar for å fremje ei positiv utvikling i dei områda der ordninga gjeld.

4.2 Restmidlane

Ramma for restmidlar er fordelt på fylke med kommunar innanfor heile det distriktspolitiske verkeområdet. Sjå vedlegg 1. Ramma er fordelt på fylka etter dei same objektive kriteria som blei nytta ved fordelinga av midlane under kap. 551, post 60.

I 2013 skal fylkeskommunane prioritere utbygging av breiband til område som ikkje har tilbod om breiband i dag. Når alle har fått eit tilbod om breiband som svarer til 640/128 kbit/s, skal midlane disponerast slik at ein prioriterer å auke kapasiteten på nettet i område som elles ikkje kjem til å bli utbygde av kommersielle aktørar. I fylke der ein har oppnådd full breibandsdekning med stor nok kapasitet, kan midlane brukast til annan infrastruktur og andre næringstiltak, mellom anna til å få til betre mobildekning,

etter avtale med departementet. Dette inneber at fylkeskommunen må skaffe seg skriftleg samtykke frå departementet før det blir sett i verk tiltak.

Departementet vil understreke at breibandstilskotet er øymerka midlar, og at all bruk må registreras i Rapp13.50. Nokre fylkeskommunar har så langt rapportert inn lågt forbruk av midlar på breiband. Departementa vil ta kontakt med desse fylkeskommunane for å klargjere bakgrunnen for den låge rapporteringa.

Dei fylkeskommunane som tidlegare har fått godkjenning frå Kommunal- og regionaldepartementet for annan bruk av midlane enn til breibandsutbygging, treng ikkje sende inn ny søknad. Det føreset at dei tiltaka eller føremåla som blir støtta, er tiltak eller føremål som departementet tidlegare har gjeve godkjenning.

Krav i samband med breibandsutbygging

Ved tildeling av tilskot til breiband må fylkeskommunane setje desse krava:

1. Tilskotet skal nyttast til å byggje ut infrastruktur for breiband.
2. Tilskotet skal gjevast etter konkurranse for å tryggje at dei tilgjengelege midlane blir utnytta så godt som råd.
3. Tilskotet må tryggje at både husstandane, næringslivet og offentleg sektor blir dekte i utbyggingsområda.
4. Tilskotet må tryggje at det blir høve til konkurranse på tenester og innhald.

Departementet legg til grunn at prioriteringa mellom ulike prosjekt er i tråd med måla og strategiane i fylkesplanane eller konkrete planar for støtte til utbygging av breiband i område utan marknadsdekning.

ESA har fastsett retningslinjer for offentleg støtte til bygging av raskt breiband for å tryggje at det blir konkurranse, og for å unngå at private investeringar blir fortrengde av prosjekt med offentleg støtte. Departementet syner i samband med dette til eige brev av 22. desember 2010 om retningslinjene.

For annan infrastruktur og andre næringstiltak gjeld dei generelle måla og retningslinjene for løyvinga.

5 Anna rettleiing

Retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61 er dei same som i fjor. Når det gjeld dei punkta som er nemnde nedanfor, syner eg til tilskotsbrev, med vedlegg, av 22. januar 2013:

- tilhøvet til andre aktørar og operatøransvaret for bedriftsretta verkemiddel
- særskilde satsingar under Kommunal- og regionaldepartementet og nasjonale verkemiddelaktørar
- forholdet til Distriktssenteret, profilering og omdømme

- økonomiforvaltninga
- rapportering, oppfølging, evaluering og fristar
- informasjons- og kommunikasjonsarbeidet

5.1 Overføring av midlane

Ramma til fylkeskommunen blir overført to gonger i 2013: ca. 1. mai og ca. 1. oktober. Den delen av ramma som blir gjeven som tilsegnfullmakt, blir utbetalt i januar 2014. Departementet kjem til å overføre midlane til dei same kontoane som i 2012 med mindre departementet får melding om at fylkeskommunen ynskjer noko anna.

Avslutning

Eg ber om at fylkeskommunane orienterer deltakarane i partnerskapen om innhaldet i dette brevet, og ynskjer fylkeskommunane og partnerskapane lukke til med utviklingsarbeidet i 2013!

Med helsing


Liv Signe Navarsete

Tilskotsbrevet med vedlegg blir lagt ut på nettsidene til Kommunal- og regionaldepartementet: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd>.

Vedlegg:

Fylkesvis fordeling av løyvinga på kap. 551 post 61 i 2013

Kopi til:

Innovasjon Norge Hedmark	Furnesvein 81/83	2318	HAMAR
Innovasjon Norge Hovedkontoret	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling	Ogndalsveien 2	7713	STEINKJER
Fornyings- administrasjons- og kirkedepartementet	Postboks 8004 Dep.	0030	OSLO
Samferdselsdepartementet	Postboks 8010 Dep	0030	OSLO
Riksrevisjonen	Postboks 8130 Dep	0032	OSLO
Plan- og administrasjonsavdelingen			